

# Årsberetning kommunestyregruppa 2024

Kommunestyregruppa består av følgande faste medlem:

- Roald Aga Haug
- Tor Helge Haara Tjemsland
- Eirunn Lothe Midtun
- Marit Jensen Måkestad
- Jarle Rasmussen
- John Helge Rasmussen
- Jarle Vangen
- Anette Torvund
- André Botnen
- Isabell Gundersen Løyning
- Vidar Solvi

I tillegg har følgande trufaste varamedlem møtt, anten i heile møter, eller i enkeltsaker

- Toralv Mikkelsen
- Amanda Forstrøm
- Svein Myrheim
- Trygve Bolstad

6 av representantane våre har sin første periode i kommunestyret.

2024 var eit travelt år i kommunestyret. Med smått og stort har vi behandla 143 saker. Etter valet blei vi ikkje lenger det største partiet i kommunestyret. Vi har hatt første året med fleirtalskonstellasjonen AP/H/INP/SV/Krf/Uavhengige. Kort tid etter valet meldte ein av INP sine representantar seg ut av partiet. Det førte i starten til ein del usikkerhet om han òg ville bryta samarbeidet med oss. Han fortsatte heldigvis som ein del av fleirtalet. Sjøl om fleirtalet er skjørt, og det har slått sprekker ved enkelte høve, har vi stort sett eit velfungerande samarbeid.

2024 var prega av fleire store og tunge saker. Nokre av dei viktigaste har vore: RSK konsesjonen, der vi har kjempa for rettane til både Røldal og kommunen. Helse og omsorg sin delplan for institusjon og heimeteneste, der spesielt planane for utbygging på Bråvolltunet prega debatten. Planar for ny brannstasjon i Odda, der den omstridte planen om å bruka Rådhusparken no er erstatta med planane om eit nytt bygg der Odda sjukeheim står. Og ikkje minst KS Konsulent si opprivande forteljing om framtida for kommunen. Den vart ein kraftig vekkar for heile kommunestyret. Med KSK sine ord friskt i minne, gjekk vi inn i budsjettplanlegginga. Fleirtalet klarte å legga fram eit fellesforslag, mye takka væra ekstraordinær innsats frå spesielt partileiar og ordførar. Vi fikk vedtatt eit godt budsjett, der mesteparten av dei kommunale tilboda blei skjerma. Odda barneskule skal få sin etterlengta oppgradering, både inne og ute. Planane for Odda folkebad lever òg vidare.

Engasjementet for rassikring og vedlikehald av vegnettet har gått gjennom også dette året som ein raud tråd. Vi har hatt stort fokus på framtidig boligbygging i kommunen. I framtida vil det vera behov for fleire nye boligområder. Derfor er det viktig å få kartlagt mest mulig i den arealplanen som det har vært jobba med gjennom året.

Vi er ei godt blanda, og svært aktiv gruppa, med stor takhøgde i diskusjonane internt. Alle representantane har vore på talarstolen fleire gangar i løpet av året.

Med fleire store saker bak oss, og minst lika mange foran oss, går vi friskt inn i det nya året.

Vidar Solvi  
Gruppeleiar